

Oversikt over 15/4182 - Innspel til trafikksikringsplan 2016

	Websak doknr.	Vedlegg
Foreningar/Organisasjonar/Utval		
FAU v/Lindås barneskule - Åshild Halland	23	
Fylkesveg 398, 400 og 415 og avkøyring frå Fylkesveg 57 i Kolås-krysset Flere uroande meldingar til skulen om nesten ulykker der gåande og sykklande skuleborn er involvert.		
FAU v/Kløvheim skule	25	Skriv med kommentarar til eksisterande punkt i trafikksikringsplanen
Fylkesveg 397 og kommunale vegar i krinsen Nytt innspel: Trafikklys på skulevegen frå Reikerås til Kløvheim skule via gamlevegen. Henvisning til eksisterande punkt i planen med kommentarar.		
Ostereidet Bygdelag v/Ola R. Jordal	32	Viser til uttale frå Ostereidet ungdomskule og støtter denne.
Fylkesveg 393 Fortau frå senteret og ned til eksisterande fortau i Eidavegen mot skulen. Bjørsvikvegen Fortau langs Bjørsvikvegen, frå bautaen ned til busshaldeplass ved Ostereidet ungdomskule. Manglar veglys. E39 Flytte farleg vegkryss til Molvikavegen Vassel Ny parsell jf. godkjend reguleringsplan Strandavegen generell trafikksikring langs strekninga Eknes Fortau		
Leiknes FAU v/Gro-Helen K. Nygard og Charlotte Grøttveit	33 / 54	
- Ynksje om heilheitsplan for Leknes skulekrins på lik linje som Alversundplanen. - Stor utbygging av nye byggefelt på Leknes. Uroa for den store auken i trafikk på allereie belasta veg. Vil ha fortau og lys på skulevegen til borna. Uroa for dispensasjon til ferdigattester før fortau og lys er komme opp. - Strakstiltak rundt skulebusstoppa. Dagleg farlege situasjonar. - Inviterer til synfaring. - Dok.nr. 54 Klage på at fyrste bekymring i innspellet ikkje er teke i betraktning i fbm. at nytt bustadfelt er godkjent.		
FAU Eikanger skule v/Anders Eidsnes og Henning Fyllingsnes	34	
Fylkesveg 397 Ikkje naturleg droppsoner ved skulen ifbm hente/levere. Levering i kryss med vegar i 5 ulike retningar. - Ynksjer at det vert laga ei trygg droppsoner på arealet som er regulert til skuleformål ved skulen. - Einvegkøyring Fyllingsnesvegen - Gang-/sykkelveg Vahaugen (E39) - Eikanger skule		
Ikenberget velforening	36	Oppmerka kart og bilete
Fylkesveg 565 - Redusert fartsgrense. Dagleg farlege situasjonar, særleg avkøyring til Alver hotell eine sida og bustadfelt andre sida kombinert med busslommer. - Fotgjengarfelt ved KIWI (innkøyring Alvermarka sør) ligg for nær fv 565. - Stenge sykkel-/gangveg frå Alver hotel til skulen for motoriserte køyrety. - Fortau frå gangvegen over til næraste undergang under fv565. - sykkel-/gangveg frå undergang over langs Montessori barnehagen. - Uoversiktlig busslomme ved innkøyring til Alvermarka sør, særskilt faremoment i retning Alversund. Ikenberget bustadfelt - Manglande fortau i bustadområda (Ikenberget) - Ynksje om flere fartshumar i Ikenberget bustadfelt - Misvisande skilting av vegnavn internt i feltet.		
FAU - SU - SKMU - Myking skule	37	
Viser til tidlegar innspel til komm.delplan for trafikksikring, avs. Myking bygdelag m.fl. i 2009. Fylkesveg 397, 396, 399 og kommunale vegar i krinsen - Gang-/sykkelvegar langs skulevegane innanfor 4km sona. - Fleire lyspunkt, særskilt ved busstoppa. - Redusert fart på strekningane Jordal-Myking (til gangveg er ferdig), Myking - Skauge, Myking - Fjellsende, Myking - Natås og til Vabø. - Ynksje om 30-soner og fartsdump ved Fjellsende, Skauge, Sletten og Nevdal samt ved husa på Hodnekvam og Natås. - Busskur Fjellsende og ved Hodneland karosseri - Samordne legging av vass-/avlau- /fiber ledning etc og lage gang-/sykkel-/turveg over dette. - Fjerne vegetasjon for å betre sikt.		
Myking Bygdelag	37	Prioritert liste
Fylkesveg 397, 396, 399 og kommunale vegar i krinsen - Gang-/sykkelvegar på alle vegar innanfor 4km grensa til skulen. - Fleire fartsdempande tiltak rundt skulen. - Forlenge gangveg mellom Myking og Jordal til å gjelde 4km frå skulen. Fysisk sikring mot vegbana og asfaltdekke på denne. Ynksjer redusert fart i tidsrommet 0800-0900 og 1430-1530. - Ynksjer køyr sakt skilt på veggen ned Hellebrekka mot kaien. Stor trafikk, spesielt sommarmånadene. (må søkja på privat basis)		

<p>FAU Seim skule v/Benedikte Rakel Rikstad</p> <p>Mange av tilførselsvegane til Seim skule er svært dårlege. Legg særskild vekt på:</p> <p>Fv 401</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kleivane <p>Kv1134 og Kv1136</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ikeland/Kopperdal/Kapperdalsvegen <p>Fv 402 Lurevegen</p> <p>Fortau langs heile strekket frå Rv57 til Seim skule, seim bhg og Strilatun.</p> <p>Kv 1177 - Seimsleitet</p> <p>Rekkverk frå Seim kyrkje nedover Seimsleitet.</p>	38/58	
<p>Bygdelaget 5915 v/Lars Hagesæter</p> <p>Fylkesveg 391/kommunalveg:</p> <p>Generell trafikkavvikling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fv391 smal veg for passasje, kun ei lomme for passasje (Hillesvåg - Leknes skule). - Trafikkavvikling i kjerneområdet rundt skule/bhg - Situasjon rundt busstopp og av-/påstigning ved skulen. Smalt, ikkje stoppfelt og manglar sikker kryssing i "kaostida". <p>Gang-/sykkelveg for born utan rett til fri skuleskysst:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Strekk med periodevis tett bustadtettleik - Nobina og Skyss anser konkrete område som særleg farleg. Kommunen møtte ikkje på synfaring - Små ras frå skjæringane på ein del av strekninga. <p>Veglys</p> <ul style="list-style-type: none"> - Langt mellom lysa på nordsida av skulen. <p>Kombinert trasé for trimmløype og sikker skuleveg (kommuneplanarbeid)</p> <p>E39:</p> <ul style="list-style-type: none"> - På-/avkørsler til riksvegen - Hjelmskrysset, Hillesvågkrysset og Mundalskrysset - Ynskje om redusert fartsgrense (70 km/t) 	42	<p>Utfyllande liste med tiltak. Viser til uttale frå FAU Leiknes skule og støtter denne. Websaknr. 33/54</p>
<p>SU Leiknes skule</p> <p>Fylkesveg 391 og kommunalveg</p> <p>Særleg trafikkfarlege skuleveg:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Mundal-Leiknes skule <p>Smalt, mange bussar/bilar, dårleg belysning. Fleire meldingar om nestenulykker der elevar er involvert.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Apalen-Hillesvågen manglar fortau/overgang - Krysset ved bhg <p>Busstopp midt i krysset, manglar lys og tilrettelagt kryssing. Vanskelig med av-/påstigning.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vegane frå fylkesvegen inn til skulen (gammal og ny tilkomst) <p>Manglar belysning, veg og busstopp. Smalt.</p> <p>Dårleg merking av at det er skule i området. Ynskjer nedsett fart i kjernetida.</p>	43	
<p>Hjelmasen AS v/Geir Styve Apalen Sør AS v/Magnar Tangen</p> <p>Fylkesveg 391</p> <p>Trafikksikring av strekninga Hjelmas Kapell - Kryss i Hillesvåg</p> <p>Viser til innspel mot Lindås kommune i samband med rekkefølgekrava i samband med desse 2 bustadfelt.</p>	45	<p>Eige sak/møte med Lindås kommune Signert brev</p>
<p>SU/FAU/Elevrådet/Klubben Ostereidet skule v/Arne Risnes</p> <p>Fylkesveg 393</p> <ul style="list-style-type: none"> - G/S-veg og lys frå senteret og ned til eksisterande fortau i Eidavegen mot skulen, særleg ved Lindstallen. - G/S-veg og lys strekninga Kuhaugen(Ytre Eide) til skulen <p>Kommuneveg - Bjørsvikvegen</p> <ul style="list-style-type: none"> - G/S-veg og lys frå skulen til bautaen (samt trasé frå bautaen gjennom skogen til skulen). <p>Fylkesveg 394 - Strandavegen</p> <ul style="list-style-type: none"> - G/S-veg og lys Eidatræ til skulen 	46	<p>Mykje samme som 32</p>
<p>FAU Alversund skule v/Geir Tønning</p> <ul style="list-style-type: none"> - Situasjon rundt bringe/hente ved skulen. - Retningslinjer frå skulen vert ikkje fulgt. Liten parkering mellom rundkøyring og hovudveg vert nytta. Mange stygge ryggesituasjoner. Foresatte bruker så lenge ikkje det er forbudt med skilt. (særleg farleg skuleveg) - Stenge innkøyring frå fv inn mot g/s-veg frå skulen og opp til Alverflaten.(jordbrukavkørsle motsatt side alverflaten) - FV404 Kvamme-Kvamsbrekko-Fosse - Farlege overgangar på div. vegar tilknytta Alversund skule. - Bl.a sluttføring g/s-veg h.s Tveiten retning skulen, kryss bør tilretteleggast for mjuke trafikkantar. - Busstopp kor elevar må krysse veg til/frå skulen, manglar tilrettelegging for overgang. - Gjeld særskilt Forbi Hillandsfeltet. - Oppmerket gangfelt frå Alversund bru forbi Gabben bensinstasjon til skulen. - Alversund bru - ikke dimensjonert for det aukande antall bilar som passerer. 	47 / 62	

Hindenes og Åsgard grendelag v/ Bente Hindenes Myklebust	48 / 59	Vedlagt brev til kommunen ang. Fv395 Ny parsell Vassel
Fylkesveg 395 - Parsell Vassel Realisering av planlagt vegparsell Vassel. Dette med tanke på særleg farleg skuleveg og ikkje eigna for buss/store køyrety. Lindås kommune har allereie forkasta nye bustadområde pga. veg ikkje eigna for meir trafikk.		
Klubben Kløvheim skule v/Siren Adelheid Rødland	52	
- Lysforhold ansattes parkering og gangveg opp mot skulen.		
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	55	Vedlegg med bilete og foreslåtte tiltak
Kommunalvegar - Overgang Knarvik barneskule - parkeringshus Knarvik senter (politisk sak) - Krysset ved gamle turistinformasjonen (politisk sak)		

Sameiget Langheiane v/ styreleiar Irene-Karin Femanger	63	
Lonsvegen - Opphøga overgang ved Lonsvegen 7-9 - Nedsett fart i heile Lonsvegen		
Innspel frå driftsavdeling veg - Lindås kommune	64	
Fv57 -Nedføringar i fortau, ikkje noko meir. Står ofte folk her som ikkje kjem seg over. Fv57 og E39 - Utvide og reparere eksisterande stopplommer for saktegåande køyrety. Desse og for mobilbruk? Utdjupe nærmare. Fv390/Kv1139 Kleivdal nord - Kantsikring fylkesveg og utbetring av siktzone. Fv391/Kv1139 Kleivdal sør - Betre siktzone i krysset. Fv393/Kv134 - Kryss nedre Totland (Ostereidet-Eknes) betre siktzone i kryss. Fv404 Myksvoll-Feste - Vegdekke er så dårleg at det er trafikkfarleg!		
Knatten burettslag v/ Bjørn Salsnes	76 / 77	Kart
Fartshumper langs Bruvegen. Desse er på plass.		
Hilland Vest velforening v/ Erlend Storheim	82	
Hilland vest Ynskje om fartshump v/ ballbingen (søke på privat initiativ dersom fartsmåling tilseier)		
FAU v/ Knarvik barneskule	85	
- Bekymra for trafikksituasjonen ved Knarvik barneskule og etterlyser nødvendige tiltak. - bilar parkerer i vendesøyte ved skulen, ikkje på anvist plass i parkeringshus til Knarvik senter. - Ynskje om tiltak: - Etablere gangfelt på oppsida av utkørsla til Knarvik senter. - Tydlege gangveggar i vendesøyfa		

Private		
Birger Sandal	1 / 2	
Fyllingsnesvegen Meir gatelyst, fjerne busker og tre langs vegen, fleire møteplassar, grøfterensk - renn vatn i vegbana, dårlig vegskuldrar der det ikkje er kantmur, attgrodde vasspalter i kantmurane.		
Einar Nilsen	3	
Lonsvegen Høg fart og mangler overgang inn mot eine sida av løypa.		
Jon Haugaas	4	
Kryss E-39/Leknes For kort strekning for å seinke fart før avkøyring. Farlege forbikøyringar i sving.		
Hans Olav Evensen	5	Bilete sendt inn ved tidlegare anledning. Kan sende på nytt ved forespurnad.
Fylkesveg 404 - Alversund skule mot Feste Standardheving/trafikksikring - generelt grunnlag Spesielle problem: Toppen av "Kvamsbrekko" ned til butikk, sving ved bautastein etter Kvamsvågen ungd.hus, strekning bedehus - indre Fosse - kryss Fossevatnet.		
Torunn Haugsvær	6	
Fylkesveg 404 Utbetre veg, særleg mellom Fosse og Alversund skule mtp mjuke trafikkantar.		
Jarle Eikemo	7 / 8	Kartutsnitt og bilete
Fylkesveg 399 - Skauvegen Konteiner kloss i vegen motsett side av Nævdalkrysset. Denne er dårleg sikra i tillegg til for nær vegen. Bru over Storelva, alt for lågt rekkverk.		
Jarle Eikemo	9	Merka kartutsnitt
Vefjell Veglyst frå kryss fv399 opp til Vefjell		
Dagfinn Hvidsten	10	
Leknes - Hillesvåg Fylkesveg Lys langs gangveg som kom for nokre år sida.		
Petter H. Fosse	11	Bilete
Fylkesveg 404 - Kvamme Ytre - Fosse Kvamslia (Kvamsbrekka) er særleg farleg for mjuke trafikkantar. Låge murar, ikkje hinder for utforkøyring.		
Kenneth Matre	12	
Bjørsvikvegen Auke i trafikk etter Lerøyutbygging. Høg fart og store køyrety. Ynskjer fartshumpar og lågare fartsgrense.		

Håvard og Heidi Dyrkolbotn	13	
Ostereidet - Fylkesveg Ynskjer utbetring av Lindsdalen. Fare for mjuke trafikkantar mellom skule og butikk.		
Vidar Skårnes	14	
Kommunalveg 1190 Stygg dump 50-100m nord for Knarvik nord krysset (innkøyrsløp Mongstad base) (Sørgående løp). Mange bytter køyrefelt i svingen her for å unngå.		
Arvid Vatnøy	15	
Lyngvegen Ynskje om veglys. Her er mørkt og ikkje fortau for mjuke trafikkantar.		
Terje Seim	16	Kartutsnitt med forklaring.
Seim Fortau/busslomme ved Seim skule ihht. Reg.plan. Ikkje på plass. Her er det gitt disp. frå rekkefølgekrav. Ynskjer oppheve disp slik at dette vert utført. Ynskjer og veglys i eit område som er benytta av skuleborn og turgåarar		
Arild Stangeland	17	Bilete
E39/Knarvik Sentrum/Lonsvegen Gang og sykkelveg ved gravplassen, bilar nyttar som snarveg til Lonsvegen. Overgang i krysset frå E39 inn mot Knarvik senter/veg opp mot kyrkja		
Else Liv Hagesæther	18	
Kvassnesvegen Dårlig oversikt i slak sving. Etter trafikkskulen på høgre side, umiddelbart før innkøyring til til den gamle avfallsstasjonen. Rydde buskar / utvide sving.		
Svein Monstad via Teknisk - Linsås kommune	19	
Fylkesveg 57 Avkøyring til Seim. Fotgjengarar som skal med buss sørover må krysse FV57 på uoversiktleg stad for å komme til busstopp.		
Jonny og Grete Sætre	20	
Fylkesveg 57 Våge/Vågsøidet der turløypa går til Skausnøyi vert busstoppa på begge sider av fylkesveg 57 nytta som parkering av turgåarar. Det fører til at det ikkje er fri sikt og U-svingar rett ut i 80-sona. Ynskje om seinka fartsgrense og tilrettelegging for parkering utanfor busstoppa.		
Sigurd Veland	21	Bilete
Ostereidet - Nesbø Nedrivne stabbesteinar etter brøyting og legging asfalt. Her trengs sikring langs vegkant. Høge murar/skråningar utfor vegen. Verst strekninga Rødland-Gjelsvik. Manglar og gatebelysning. Smal veg og store køyrety tek heile vegbana. Fare for at mjuke trafikkantar dett eller sykklar utanfor, spesielt i mørket.		
Arild H. Haugen	22	E-post vidaresendt mange gonger. Her er ref. til manglande bilete
Fylkesveg 397 - Eikanger Trafikksituasjon rundt hente/levere ungar til Eikanger skule. Smalt og lite høve for parkering. Mykje tungtransport (lastebilar etc.) i området i same tidsrom.		
Ole Feste	24 (Same innspel som websaknr. 16)	Kartutsnitt med forklaring.
Seim Fortau/busslomme ved Seim skule ihht. Reg.plan. Ikkje på plass. Her er det gitt disp. frå rekkefølgekrav. Ynskjer oppheve disp slik at dette vert utført. Ynskjer og veglys i eit område som er benytta av skuleborn og turgåarar		
Arne Ramslie m/fleire	26	
Fylkesveg 292 - Hagelia Endra trafikkbilde i hagelia mot Knarvik kai. Auka trafikk og høg fart til frå pendlarbåt til Bergen, Tungtransport til Knarvik kai, auka trafikk i samband med Næringsbygget Dampen og Posten, Bussar til frå Nobina. Inga skilta fartsgrense. Betre belysning, merking og fartsreduserande tiltak.		
Frøydis Haugen	27	
Fylkesveg 400 og 415 Krysset mellom Veråsvegen og Fonnebostvegen ved Lindås kyrkje. Her er kryssingspunkt for 5 vegar. Den eine vert nytta som gang/sykkelveg til Lindås barneskule og der denne munnar ut oppstår ofte farlege situasjoner. Barn spring eller sykklar rett ut og denne vegen kjem brått på bilistene som gjerne retter merksemda mot krysset.		
Liv Frammarsvik	28	
Bruvegen Stor fart mellom dei 2 fartsdumpane. Fleire kattar påkøyrd, kunne like gjerne vore born.		
Liv Frammarsvik	28	
Fylkesveg 565 - Alverflaten Undring over at fartsgrensa aukar frå 50 til 70 km/t like før krysset ned mot Ikenberget/Alvermarka.		
Randi Helen Stall Osmundsen	29	
Ostereidet - rundkøyring ved skulen Elevar og andre mjuke trafikkantar må krysse Eidavegen for å komme til fortau frå Ørnova og motsatt. Mykje trafikk rundt skulestart/-slutt og aktivitetar på skule og i kyrkja.		
Olav Kristian Knarvik	30	
Lindås senter - parkeringsplass Asfaltering av parkeringsplass ved Lindås senter pga hull i asfaltdekket.		
Atle Austrheim	31	
Lonsvegen - Brekkeløypa - I kryss, på fortau og langs med Lonsvegen vert vegen nytta som parkering under fotballkampar og trening. Det er nok parkering i området på ein vanleg dag. - Merke/skilte alle fartshumpar i Lonsvegen. - To kryssingspunkt/ingangar til "Brekkeløypa". Skilt som markerte dette og betre lyssetjing.		

Ivar Nesbø	35	
Fylkesveg 397 - Forkøyringsveg Eikanger-Myking grunna fleire uoversiktlege vegkryss. 5 kryss kor det er lett å missoppfatta vikeplikta. Kryssa er lista i innspelet. - Kløve bru ved Eben Eser bygget - smal for 2 bilar og fare for mjuke trafikkantar. - Strekning Kløve-Vangen skuleveg, smal og farlege møtesituasjonar særskildt for møte mellom køyrety og mjuke trafikkantar. Kommunalveg 92 Sikre vegen over øvste Kløve (mellom Reikeråsvegen og fv 397). Autovern frå Kløvesvingen og ned til skulen.		
Jan-Morten Eikemo	39 / 40 / 41 Samme som 7 / 8 / 9	Bilete / merka kartutsnitt /
Fylkesveg 399 - Skauvegen - Alt for lavt rekkverk på bru over Storelva mellom Vågseidet og Myking. - Veglys Sletten Myking skule Vefjell - Veglys frå fv399 opp til Vefjell Fylkesveg 399 Myking - Kontainer tett i fylkesvegen - Gammal garasje på veg til ramla ned, fare om skuleborn går inn - Gamle bilbatteri står spreidd rundt i området - miljøkonsekvens - Står ei campingvogn og anna skrot på kommunen sin lagerplass i Lauvålen. Dette er meldt vidare til driftsavd.		
Randi Sissel Hatland	44	
Fylkesveg 395 Hindenesvegen: Ynskje om at veg vert lagt utanom gardstun 243/2 og 243/6 på Vassel. Ser fram til å få tilbakemelding på kor saka står.		
Margrethe Rønquist Knutsen	49	Gjennomtenkt e-post frå jente 18år.
Fylkesveg 57 Belysning i Lyngfjelltunellen.		
Bodil Natås	50/88	Vedlegg med bilder i 88
Fylkesveg 396 - Sævråsvåg Vågseidet Ferista på Natås ligg for lågt etter ny asfalt. Fylkesveg 397 - Sævråsvåg Myking Store hol, ferister som er "fjerna" har sege og skapar farlege situasjonar, stygge asfaltkantar etter "lapping".		
Irene Wilhelmsen	51	Bilder og kartutsnitt
Grovavegen Uoversiktlig sving Reikeråsvegen - frå Strupane til Tveitegrend Skuleveg og turveg, smal og uoversiktleg. Svært låg kantmur og vanskeleg passering når bil møter mjuke trafikkantar.		
Diverse vegavd. Lindås kommune	51	
Lonsvegen Gangveg mellom Lonsvegen 7 og 9 - ikkje tilrettelagt motsatt side inn mot g/s-veg. Riksveg E39 Gangveg rett ut på E39 utan g/s-veg langs E39 eller tilrettelagt overgang til g/s-veg motsatt side. Fleire på strekninga.		
Sissel-Anny Hjelmtveit	53	
Trafikkfarlege skuleveggar på Seim Strekninga Seimsbrua - Seim skule - Fortau - Mykje trafikk i rush-tida og til/frå Lyngheiserteret, Strilatan og Spurkeland gard. Fylkesveg 401 Strekninga Kleivane og Rydlandsånæ (Krysset mellom kv Seimsleitet og fv401) - Smalt, ungar klartrar på støypekantar. Isblokker raser frå skjeringane. Ny veg med g/s veg og lys. Er analyser på denne(SVV)		
Steinar Haukås	56	Sjå eige brev
Fylkesveg 397 Kommentar til innspelet frå FAU ved Eikanger skule. G/S veg E39-skulen FV (Mykingvegen)		
Hans Olav Evensen	57	
Fylkesveg 404 Veglys - toppen av "Kvamsbrekko" og vidare utover Ynskje om lys: Ned kvamsbrekko, busstopp ved bedehuset indre fosse. Samt deler på strekning fra bedehus og utover mot kryss ved fossevatnet.		
Hans Olav Evensen	60 / 61 / 65 / 66	Brev til Rådmannen Bilete frå fv404
Fylkesveg 404 og "Kvamsbrekko" - E-post som viser til Reguleringsplan som er under arbeid nå fra toppen av kvamsbrekko - kryss ved Fossevatnet, Fylkesveg 404, Alversund skole - Feste. (E-post sendt 29.04.15 - Postmottak) - Mur bunnen "Kvamsbrekko" utført årskiftet 2015/2016 - Div. "Kvamsbrekko" m/bilete		
Johannes B. Johansen	67 / 68 / 69 / 83	Oppmerka kartutsnitt
Kv1046 - Knarvik senter - Knarvik b.sk. Tryggare skuleveg frå senteret til Knarvik barneskule. Gangveg ut frå parkeringshus (sørside) og kryssing av veg 2 gongar. Tiltak - flytte gangveg over på nordside, tilrettelegge for overgang. Da blir det kun ei kryssing.		
Nobina v/ Pål Presttun	70 / 71 / 72 / 73 74 / 75	Kart og bilete
- Busstopp/skulebussparkering v/Lindåshallen - er avklart. - Busstopp v/Lindås senter - armeringsjern ut frå fortauskant - sjekk om denne er fiksa		
Bjørn H. Kleppe og Katrine N. Dahle	78 / 79	
Lyngvegen Ynskje om fartshumpar. Mellombels svar - Det må utførast trafikkmålingar.		
Christer Lieske	80 / 81	Merka kartutsnitt
Lyngvegen Ynskje om fartshumpar. Mellombels svar - Det må utførast trafikkmålingar.		

Daniel Tennefoss Lerum	84	Merka satelittbilete
Kvassnesvegen - Ynskje om fartshumpar på strekket ved nr. 63/65 (til hinder for ambulanse, måle fart) - Vanskeleg kryssingspunkt for folk med barnevogn/rullestol i krysset ved husnr 37 og 50A/B for å kome til fortau.		
Øyvind Seljelid	89	Kart med forslag til endring
FV404/FV565/KV1063 Trafikksituasjonen rundt Alversund skule. Parkering og forbud, dropsoner, fart, fotgjengerfelt.		